

Fra: Vannes Kristoffer <kristoffer.vannes@sok.no>
Sendt: 10. august 2015 14:44
Til: NVE
Emne: Miljateig Kraft AS SUS - søknad om konsesjon for bygging av Miljateig Kraftverk - høyring. Dykkar ref: 201502947-3.

NVE v/ Konsesjonsavdelinga
Sakshandsamar: Bård Andreas Selstad Ottesen.

Me viser til motteke høyring angående Miljateig Kraft AS, referanse 201502947-3.

Skånevik Ølen Kraftlag SA, heretter kalla SØK SA har ingen motsegner til dei framlagde planane.

Når det gjeld nettilknytning til dagens 22 kV høgspennnett kan følgjande opplysast:

Det er i dag ikkje nettkapasitet til å ta i mot det om søkte produksjonskapasiteten. Hovedutfordringa er først og fremst knytt til nettkapasiteten ut av vårt forsyningsområde. SKL Nett AS har i dag inne, hos OED, konsesjonssøknad om etablering av ny 66 kV med tilhøyrande 22 kV koplingsstasjonar til handsaming. Utfallet av denne søknaden og om prosjektet blir realisert, vil vera avgjerande for i kva grad kraftverket kan tilknytast vårt 22 kV nett.

Utover dette må det også gjennomførast tiltak i eige 22 kV nett.

Med venleg helsing
Skånevik Ølen Kraftlag SA

Kristoffer Vannes
Dagleg leiar